


Forslag til ny grensekryssforordning

Seniorrådgivar Ina Osdal Saure, 08.06.2023



Bakgrunn

- Kommisjonsforslag om nytt grensekryssregelverk av 17.nov 2021.
- Erstattar etter kvart noverande forordning nr. 1013/2006
- Ny tilnærming for handtering av avfallsforsendelsar
- Den grøne given, handlingsplan for sirkulær økonomi, handlingsplan for null forureining og ny 5 årig strategi for å takle organisert kriminalitet



Foto: Christian Lue/Unsplash



Hovudmål

1. Harmonisering av regelverk og implementering i EU
2. Skifte til digitale løysingar
3. Legge til rette for sirkulær økonomi i EU
4. Avgrense og styrke kontroll av eksport av avfall utanfor EU
5. Betre kontroll med ulovlig avfallseksport



1. Harmonisering av regelverk

- Klassifisering av avfall/produkt
 - Klassifisering av grønlista/meldepliktig avfall (med grenseverdier)
 - Utvikle bedre kriteriar for å skilje mellom brukte produkt og avfall for visse avfallstypar som representerer høg risiko for tredjeland (eks: tekstil, bilar, batteri)
- Vurdere å lage harmonisert metode for utrekning av finansiell garanti



2. Skifte til digitale løysingar

- Informasjon og dokumentasjon knytt til avfallssendingar skal etter kvart leverast elektronisk. Kommisjonen skal etablere og drifte eit felles elektronisk system som gir oversikt over avfallssendingar i EU/EØS.

Gjeld også grønlista avfall:

- eksportøren skal fylle ut og sende inn annex VII minst ein dag før forsendelsen startar
- Annex VII skal gjerast elektronisk tilgjengeleg for involverte myndigheiter
- Informasjonen som blir spurt etter i annex VII skal vere tilgjengelig for tilsyn, og for formål knytt til etterforskning, planlegging og statistikk
- Krava til elektronisk dokumentasjon trer i kraft seinare enn forordninga (2 år)



3. Tilrettelegge for auka sirkulær økonomi i EU

- Heng tett saman med arbeid knytt til digitalisering og harmonisering av regelverk
- Avfallseksport skal følgje prinsippa til avfallshierarkiet
- Artikkel 11. Generelt forbod mot sluttbehandling som involverer deponering eller forbrenning (med få unntak)
- Gir større dokumentasjonskrav til eksportør
- Husholdningsavfall EAL 200103 og 200399 (mixed municipal waste) blir forbudt å eksportere til sluttbehandling
- Auka bruk av førehandsgodkjente anlegg
- Tydelegare kobling mellom medlemsland sine nasjonale avfallsplanar og reglar for eksport og import og korleis desse skal bidra til å nå mål om avfallsreduksjon og avfallshandteringsmål
- Artikkel 30





4. Sikre at avfall eksportert ut av EU blir behandla forsvarleg

- Forbudt å sende avfall til tredjeland (ikkje-OECD land), med mindre dei står oppført på liste godkjent av kommisjonen (i dag forordning 1418/2007)
 - Må demonstrere ESM for å bli inkludert på lista
- Overvåking av avfall til OECD land
- Nytt krav om ansvar til eksportørar i EU som eksporterer avfall ut av unionen
 - Uavhengig tredjepart må kontrollere at mottakeranlegg behandlar avfallet på ein miljøforsvarleg måte.
 - Kriteriar mottaksanlegget må oppfylle blir lista i nytt annex X



5. Betre kontroll med ulovleg avfallseksport

- Det europeiske kontor for bedrageribekjempelse (OLAF) får ei større rolle
- Kommisjonen vil etablere ei gruppe på EU nivå som skal samarbeide om handheving og koordinering av regelverket.
- Styrke bestemmingar som gjeld handheving, tilsyn, sanksjon og forbetre rapportering av disse.
 - Forslag til fleire kriteriar og ulike typar straff for ulovleg avfallseksport



Andre ting ein bør merke seg

- Førehandsmelding- skal sendast inn seinast minst **ein** dag før forsendelsen startar.
- Kravet til å oppbevare informasjonen til både meldepliktig og grønlista avfall aukar frå tre til fem år
- Endrar skipsgjenvinningsforordninga (SRR).
 - Grensekryssregelverk blir gjeldande også for EU/EØS flagga skip som blir til avfall i europeiske farvatn (i dag er desse omfatta av SRR).

Førehandsgodkjente anlegg

- Utvida krav til informasjon som må følge med søknaden om førehandsgodkjenning:
 - Må søke om total mengde av kvar avfallstype som skal førehandsgodkjennast, sett i forhold til behandlingsskapasiteten i tillatelsen
 - Gi oversikt over gjenvinningsaktivitetane på anlegget (spesielt mengder og typer avfall som er behandla dei tre siste åra
 - Levere bevis/attest på at den ansvarlege for anlegget ikkje er dømt for ulovleg eksport eller håndtering av avfall
- Standard varigheit på førehandsgodkjenning endra frå 3 til 7 år. Med mindre myndigheitene bestemmer noko anna
- Miljødirektoratet endra varigheit på førhandsgodkjenning i 2022 frå 3 år til 10 år.



Status

- Rådet og Parlamentet har starta trilogforhandlingar
 - Begge parter støtter mykje av innhaldet i Kommisjonen sitt forslag
 - Begge støtter generelt eksportforbod av avfall til sluttbehandling (med få unntak)
 - Begge har lagt inn mål om klimanøytralitet innan 2050

Parlamentet landa sin posisjon i januar 2023.

- Strengare tilnærming til eksport av avfall utanfor EU. Vil blant anna forby all eksport av plastavfall ut av EU (gradvis utfasing til OECD land).
- Tidsfrister i saksbehandling er på lik linje med KOM i forordninga



Status

- Rådet etablerte sin posisjon i mai 2023
 - Tidsfrister er foresleget endra (lengre) i saksbehandlingen med bakgrunn i å lette administrativ byrde og tilpasse dagens reelle situasjon
 - Går ikkje inn for plastforbod som Parlamentet, MEN gir meir detaljerte krav til eksport av grønlista avfall
 - Utvida frist til nye villkår for eksport trer i kraft (3 år)



Forordning 1013/2006 «går ut på dato» to månadar etter ny forordning trer i kraft

Overgangsperiode for visse eksisterande artiklar (2 år)

Artikkel 4,7,8,9 (søknad, overføring av søknad, tilleggsopplysningar og samtykke)

Artikkel 26 (format for kommunikasjon)

Artikkel 35, 38 (eksport til EFTA land, eksportforbod til ikkje-OECD land)

Artikkel 14 (4,5), 15 (søknad til førehandsgodkjente anlegg, interimanlegg)

Artikkel 41, 42,43, 44, 45 (bestemmingar om import inn til EU)

Artikkel 16
følgjedokument/mottaksbekreftelse/behandlingsbekreftelse

Artikkel 47, 48 (bestemmingar om eksport med transitt i EU)

Artikkel 18 (krav til grønlista avfall)

Artikkel 50, 51,52 og 55 (Krav til myndigheiter som gjeld handheving, rapportering, internasjonal samarbeid og tollkontor)